

Lillevatnet

Vegen rundt Lillevatnet er ein svært flott tur som også er eigna for rullestolbrukarar eller barnevogn. Halve ruta er på fast grusdekke, og halve ruta er på asfalt. Det er jamt med gode sitteplassar og flott utsyn til fuglelivet. Det er eit toalett på nordaustsida av vatnet – om lag på halvvegen. Toalettet er vinterstengt. Turen har så godt som ingen stigning, men er litt småkupert i nokre overgangar. Rundturen er på om lag to kilometer.

Vatnet er variert med ulike landskaps- og naturelement. Turløypa går tett langs Lillevatnet på nord- og sørsida, med bruer og rennande vatn i aust og vest. Det er opparbeida område med benkar og plen samt områder med naturleg skog.

Sandingane

Frå sentrum av Spjelkavika og ned til badeplassen på Sandingane er det på den asfalterte gangvegen på begge sider av hovudvegen ein relativ lang bakke med ca 17,6 prosent stigning, (5:1, 10 grader). Men det er mogleg å køyre ned til Sandingane og parkere der. På kartet har vi teikna inn ein snarveg med stipla linje som høver for gåande, men denne er ikkje eigna for rullestol eller barnevogn.

Turen går langs Spjelkavikkvasdraget med rennande vatn og skog. Ein passerer og kulturminne på vegen som det gamle kraftverksanlegget. I området er det fleire aktivitetar med BMX-bane, leikeplass, parkområde og enkelte sitteplassar. Nede ved sjøen (Sandingane) er området opparbeida med grasplen, toalett (vinterstengt), sandvolleyballbane, sitteplassar og småsteinete strand.

Alle bussar stoppar på trafikk-knutepunktet på Moa. Elles går lokalbuss via Spjelkavik sentrum. Oppdatert informasjon om bussruter finn du på www.177mr.no eller ring 177.

Turtips:

www.friluftsråd.no/frifaao
www.morotur.no
www.godtur.no

Alle turkort som blir utarbeida vil ligge til nedlasting som pdf-filer på www.friluftsråd.no/frifaao

Utgitt med støtte frå:

- Friluftsrådernes Landsforbund
- Møre og Romsdal fylkeskommune



Layout/trykk: Jons Kontor AS, Foto: Christer Lundberg Nes.



Ålesund
kommune



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Friluftsrådernes Landsforbund

Lillevatnet rundt og Sandingane

Ein idyllisk rundtur og aktivitetsmoglegheiter
ved Spjelkavik sentrum



Buss



Parkering



Rullestol



Sittegruppe/
rasteplass



Toalett



Badeplass



Rundtur



BMX-bane



Leikeplass



Sandvolleyball-
bane



Gangveg – gul



Gangsti –
kvitstipla



Bru

TURKORT! Turkort er ein serie minifoldarar om gode turmål utgitt av Friluftsrådet for Ålesund og omland.



Friluftsrådet for Ålesund og omland



Lillevatnet rundt og Sandingane

Moa Bussterminal
ca. 550 m (luftlinje)

Bakke med
ca. 17,6 %
stigning
(5:1, 10 grader)

Sandingane

Spjelkavik sentrum

Lillevatnet

Vasstrandvegen

100 m

Kartverket

The map features several icons: a wheelchair symbol for accessibility, a bus symbol for public transport, a parking 'P' symbol, a person pushing a stroller symbol, a person with a backpack symbol, and a person carrying a heavy load symbol. A dashed line indicates a specific route through the town. Three inset images provide more detail: a red wooden shed, a stone dam with a lake, and a group of people in a shallow lake.